



Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vår dato: 27.08.2013
Deres dato: 08.08.2013

Vår referanse: 2008/291-319
Deres referanse: 2013/593

Vår saksbehandler:
Håvard Hoftun, tlf. 32808730

Nore I kraftverk - Nore og Uvdal kommune - høring av søknad om konsesjonspliktavurdering av nytt kraftverk - uttale til kulturminner

Me syner til dykkar høyring av søknad om konsesjonspliktavurdering av nytt kraftverk – Nore I i Nore og Uvdal kommune. Me vil beklaga vårt seine svar i saka som hadde opphavleg høyringsfrist den 15. august.

Automatisk freda kulturminne

Me kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne på staden der ein planlegg bygging av nytt kraftverk, Nore I. Me vil be om at følgjande uttale vert innarbeida ved eit eventuelt vedtak:

”Dersom det under anleggsarbeid framkjem automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stoppast og utviklingsavdelinga i fylkeskommunen varslast, jmf. kulturminnelova §8, 2. ledd”.

I høve til dei tre stadene det vert skissert massedeponi i samband med uttak og bygging, ligg to av desse område der me har registrert før, slik som Mørkevollen massetak i 2006 og Straumen massetak i 2004. Det vart ikkje gjort funn av verken nyare tids kulturminne eller automatisk freda under desse registreringane.

Me ser vidare at det er planlagt massedeponi nedstrøms Rødbergdammen. Dette skal liggje i eit regulert næringsområde. Me kan ikkje sjå at dette området er regulert, men kjenner ikkje til kulturminner her. Me går ut frå at det vil bli ein høyringsrunde dersom massedeponia krev utviding i samband med deponiering, og at me då blir gitt høve til å uttale oss på ny.

Nyare tids kulturminne

Me gjer merksame på at kulturmiljøet rundt Nore I kraftverk har høg verneverdi. Me ber om at det vert teke tilstrekkelig omsyn til dette i vidare arbeid.

Kulturvernkonsulen; Jørn Jensen

Med venleg helsing

Håvard Hoftun
arkeolog

Kopi til:

Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	Drammen
Statens vegvesen Region Sør	Serviceboks 723	4808	Arendal
Nore og Uvdal kommune		3630	Rødberg